

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/6761-1

## **Klage frå Nærøyfjorden Verdsarvpark på avslag på søknad om infrastrukturmidlar til reiseliv - «Lysprosjektet Vinterattraksjonar i Nærøyfjorden»**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:**

Klagen frå Nærøyfjorden Verdsarvpark vert ikkje teken til følge.

#### **Vedlegg:**

Søknad av 15.02.18 inkl. to vedlegg  
Notat av 13.04.18 – felles sakshandsaming av søknadane  
Klage av 25.05.18  
Underinstansen si handsaming av klagen av 29.05.18

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Avslag på søknaden, sendt 07.05.18  
Oversendingsbrev frå underinstansen til klageinstansen av 28.05.18

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune lyser årleg ut midlar til infrastrukturtiltak til reiselivet i fylket. Støtta skal gå til tilretteleggande tiltak som skal gjere dei mest særleine attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar. For nærare informasjon om midlane syner fylkesrådmannen til utlysingsteksten på fylkeskommunen si heimeside: <http://www.sfj.no/infrastrukturmidlar-til-reiseliv.341132.nn.html>. Fylkesdirektøren for næring og kultur vurderer og prioriterer søknadene på bakgrunn av utlysingsteksten og verdiskapingsplanen (<http://www.sfj.no/infrastrukturmidlar-til-reiseliv.341132.nn.html>).

Nærøyfjorden Verdsarvpark (heretter NV) søkte 15.02.18 om 100 000 kr til prosjektet «Vinterattraksjonar i Nærøyfjorden». Lyssetjing og synleggjering av enkelte element og lokalitetar langs fjorden skal ifølgje søknaden gjere Nærøyfjorden meir attraktiv på haust- og vinterstid. Forprosjektet omfattar i første omgang to lyspunkt, Sagfossen og bygningane på Holmo, sjå vedlegga til søknaden. Den auka opplevingsverdien vil ifølgje NV føre til generelt auka aktivitet for passasjerbåtane, seng- og matverksemdene, transportselskap, varehandel og andre reiselivsrelaterte verksemdar i regionen.

Fylkeskommunen fekk totalt 19 søknadar om infrastrukturmidlar til reiselivet. Fylkesdirektøren for næring og kultur vurderte alle søknadane i eit felles notat dagsett 13.04.18, sjå vedlegg 2. Før ferdigstilling vart notatet sendt til uttale hjå destinasjonsselskapa. Av notatet går det fram at fylkesdirektøren synest tanken bak prosjektet er spanande, og at «tiltak for å auke attraktiviteten i skuldersesongen alltid er interessante». På den andre sida syntte fylkesdirektøren m.a. til at lyssetjing i seg sjølv ikkje er nok til å auke aktiviteten i området, og at ein må vere forsiktig med kva faste installasjonar ein set opp i ein verdsarvpark. Fylkesdirektøren innvilga ikkje søknaden, og sende avslag til NV 07.05.18.

NV klaga på vedtaket ved brev av 25. mai. Klagen er sett fram innanfor klagefristen i forvaltningslova § 29 på tre veker. Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans, jf. delegeringsreglementet 1.4.3.

## **2. Klagaren har gjort gjeldande**

NV meiner søknaden ligg godt innanfor både målsetjingar og rammer for tilskotsordninga, og trekk særleg fram følgjande av fylkeskommunen sine prioriteringar:

- *Tiltak som bidreg til auka verdiskaping til reiselivsbedriftene i området*
- *Tiltak som skapar auka trafikk i skulder- og vintersesong*
- *Tiltak som medverkar til auka overrisslingseffekt*

I tillegg nemner klagar at «forprosjektet i seg sjølv er såpass nyskapande at erfaringar med utvikling/rigging og drift vil ha interesse og overføringsverdi utanfor verdsarvfjordane». NV syner også til at Visit Sognefjord har gitt ein positiv uttale i saka, og oppmoda fylkeskommunen om å støtte prosjektet. Vidare presiserer NV at dei har fått skriftleg løyve frå grunneigarane for oppsett av lyspunkta. Det går også fram at NV er i dialog med verneområdeforvaltninga om løyve til oppsett, men at forprosjektet ev. kan gjennomførast utanfor verneområdet.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

I utlysingsteksten har fylkeskommunen oppgitt fleire kriterium for å få støtte, samt fastsett rammer for kva prosjekt som vil bli prioriterte. For 2018 vart det presisert i utlysingsteksten at fylkeskommunen vil prioritere å støtte prosjekt som har fått støtte tidligare. Bakgrunnen er at tilskotet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til ordninga er redusert. Vidare er det opplyst i utlysingsteksten at fylkeskommunen «ønskjer spesielt å legge til rette for at turistar kan vandre for å oppleve attraksjonar som bre, fjord, fjell, interessante tettstader og kulturattraksjonar».

Underinstansen vurderte klagen slik i avslagsbrevet av 29.05.18:

*Vi er samd i at prosjektet har fleire gode kvaliteter og at særleg det med potensiale for sesongutviding er interessant. [...]*

*I utlysninga av midlane for 2018 står det at ein på grunn av reduksjon i tilgjengelege midlar må prioritere prosjekt som har fått støtte tidligare . Det står også at ein vil prioritere søknadar som har merksemd på temaet «Vandring». Vi kan ikkje sjå at prosjektet oppfyller desse kriteria, og prosjektet nådde difor ikkje opp i konkurransen med dei andre søknadane.*

*Vi meiner at prosjekt et er avhengig av ein plan for korleis ein kan skape gode produkt kring lyssetjinga. Ein må tenkje både produktutvikling og marknadsføring for at eitt slikt prosjekt skal verte vellukka. Dette kan vi ikkje sjå er problematisert verken i søknaden eller i klagen. [...]*

*Vi vil og nemne at fylkeskommunen i 2018 har tildelt dykk til saman kr. 618 400 over tilskotsordningar som fylkeskommunen forvaltar. Dei prosjekta ein har støtta er: Stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven (kr. 347 000), Kunnskapsinnhenting – Ferdselsteljing (kr. 96 400), Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken (kr. 150 000), Vandring og integrering (kr. 15 000) og Familiedag i Aurlandsdalen (kr. 10 000). Vi meiner difor at søkjer er tilgodesett godt med prosjektmidlar frå fylkeskommunen i år, og at dette vil vere med på å bidra til god aktivitet.*

Når det gjeld løyve frå grunneigarar, presiserte fylkesdirektøren at dette ikkje hadde noko å seie for vurderinga av søknaden.

Som det går fram av vedlagde notat om sakshandsaminga, fekk fylkeskommunen 19 søknadar som samla langt overstig den totale tilskotsramma. Fylkesdirektøren måtte difor vurdere søknadane opp mot kvarandre for å finne dei prosjekta som treff utlysingskriteria best, og som

vil ha størst effekt. Fylkeskommunen har gjennom utlysingssteksten lagt føringar for kva tiltak som skal prioriterast, og nemner m.a. tiltak som skapar auka trafikk i skuldervesongen og tiltak som bidreg til auka verdiskaping til reiselivsbedriftene i området. Av utlysingssteksten går det likevel fram at to typar prosjekt vil bli særleg prioriterte; prosjekt som har fått tilskot tidlegare, og prosjekt som legg til rette for at turisten kan vandre for å oppleve attraksjonar som bre, fjord, fjell, interessante tettstader og kulturattraksjonar. Lysprosjektet fell ikkje under desse to kategoriane. Etter mitt syn er fylkesdirektøren si vurdering av at prosjektet ikkje nådde opp i konkurransen med dei andre søknadane såleis gjort i samsvar med rammene i utlysingssteksten.

Til liks med fylkesdirektøren vil eg også framheve at fylkeskommunen i 2018 har tildelt NV til saman 618 400 kr over andre tilskotsordningar, noko som vil bidra til god aktivitet i området.

#### **Konsekvensar**

Fylkesdirektøren skriv følgjande om midlane i notatet av 13.04.18 punkt 2:

*I vedtaka nyttar vi heile den tilgjengelege ramma for 2018, samt noko restmidlar frå tidlegare år. Med trongare rammer framover og fleire søknader i grenseland for det midlane kan nyttast til, så vel vi å nytte nokre av dei tilgjengelege restmidlane til ny utlysingsrunde for å få kraft i den vidare satsinga.*

Det står att 169 500 kr av restmidlane. Dersom fylkesutvalet som klagenemnd tek klagen til følgje, og innvilgar søknaden frå NV - heilt eller delvis, må delar av restmidlane nyttast.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje. Andre søknadar ligg nærare opp til områda som er prioriterte gjennom utlysingssteksten, og NV har alt motteke støtte frå andre fylkeskommunale støtteordningar i år.